



**Kommentar frå Eikanger IL til  
«Rapport frå anleggsutvalet si synfaring 13. mars 2017»**

Eikanger IL v/friidrettsgruppa har nokre kommentarar til rapporten som gjeld friidrettsbana på Ostereidet.

Lengda på rundlaupsbana er i rapporten oppgjeven til 273,71 m. Den rette lengda er 293,3 m. I rapporten er det oppgjeve at bana har kulering. Det r rett, den fungerer også som sleggjering, i tillegg er det også diskosring som rett nok manglar kantjern på noko av ringen etter at det vart brøyta vekk for ein del år sidan.

**Ny informasjon om vedlikehald**

Som det står i rapporten treng anlegget oppgradering.

Noko full oppgradering ligg nok eventuelt eit stykke fram i tid. Men Lindås kommunestyre løyvde onsdag 21. juni 400 000 kr til rehabilitering og vedlikehald av grusbana på Ostereidet.

Etter synfaring med kommunalt innleigd konsulent, vart vedlikehaldet konkretisert og kommunen skal før nyttår gjera skriftleg avtale med firma for utføring av jobben. Då det er sysselsetjingsmidlar som er løyvd, må det før nyttår vera inngått avtalar om bruken av midlane.

Planen no er å få fornya raudstubbdekket på bana og gjera andre tiltak så langt midlane rekk. Idrettslaget vil også gjera noko dugnad i samband med dette. Den nye raudstubben skal leggjast når teleløyvinga er over, og bana har sett seg etter vinteren.

Askvik 6.12. 2017

Stanley Hauge  
Leiar i friidrettsgruppa  
Eikanger IL

Eidavegen 326  
5993 Ostereidet

934 59 154  
[stanhau@online.no](mailto:stanhau@online.no)